

6 KONKLUSJON OG TILRÅDING

Landskapstypen i planområdet er ikkje sjeldan eller spesielt sårbar ut frå karakter og innhald. Hovudformene i landskapet skråar mot søraust, og planområdet vert eksponert mot E 39. Dei små landformene er lite framtrødande på grunn av tett vegetasjon. Siktlinjene er ofte korte, og det er få stader med oppleving av rom internt i planområdet.


Den halvopne forma til planområdet kjem av at det er omkrinsa av fjellskrentar og høgdedrag, slik at det ligg litt skjerma for innsyn frå aust, nord og i stor grad vest. Innsyn til planområdet frå sør er i hovudsak avgrensa til traseen langs E 39. Dette gir området noko større toleevne for bygging enn om låg svært eksponert mot bustader eller fjordlandskapet. Fjerning av vegetasjon ved bygging vil opne opp landskapet og eksponere dei små landskapsformene. Vegetasjonen er ein viktig komponent i landskapskarakteren, men den toler inngrep sidan det i dag mange stader er svært tett.

Tilråding:

Dei mørkaste områda i helningskartet bør vurderast som for bratte til tiltak. På grunn av planområdets sørlege del si eksponering mot E 39, bør ein ivareta terrengformer og buffervegetasjon som skjermar planområdet for innsyn frå sør. Dei høgaste terrengformene i nordaust bør ivaretakast, sidan inngrep her vil gi stor endring i både landskapskarakter og landskapsbilete. Dei midterste delane av planområdet har størst absorpsjonsevne for tiltak på grunn av små terrengvariasjonar og flatare parti som ikkje ligg særleg eksponert i dei store landskapsformene/-rommet.

I tillegg til tilrådinga om å ikkje bygge i dei brattaste partia (sjå helningskart), skisserer figur 15 ei landskapsmessig tilråding i høve 3 soner:

- Arealet innanfor grøn strek og grøn flate kan byggast ut, med føresetnad om god tilpassing til terreng.
- Areala innanfor svart linje med grå flate bør ligge mest mogleg urørt, slik at det kan fungere som skjerm mot innsyn frå sør (og delvis vest) i det overordna landskapsbiletet.
- Langs raud linje bør ein legge til rette for grøn buffer/skjerm mot næringsområdet.



Figur 15 Tiltråding for vidare utvikling